



Børge

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/529 - 14/2874

Saksbehandlar:

Bjarte Buanes

bjarte.buanes@meland.kommune.no

Dato:

26.02.2014

Svar på førespurnad om førehandskonferanse tilknytt gbnr 27/178 i Meland kommune

Det vert vist til Dykkar e-post av 4.2.2014 i anledning ovannemnde sak.

Gbnr. 27/178 er i *Reguleringsplan for Moldekleiv* avsett som bustadtomt for ein einebustad (tomt nr. 5), jf. arealplanID 125619780001. Oppføring av tomannsbustad – eventuelt deling av tomt for oppføring av to mindre einebustadar – vil dermed vere i strid med reguleringsplanen og følgeleg avhengig av at det vert omsøkt og vedteke enten ei endring av plankartet med tilhøyrande føresegner eller dispensasjon frå det same. Om åtgangen til å søke om planendring eller dispensasjon vert det vist til respektivt kapittel 12 og § 19-2 i Plan- og bygningsloven.

I ovannemnde e-post er det vist til ein tomannsbustad på gbnr. 27/59. Administrasjonen gjer i den samanheng merksam på at gbnr. 27/59 er omfatta av ein annan reguleringsplan, og dertil avsett til «*frittliggjande einebustadar eller vertikaldelte tomannsbustadar*» (som òg kan delast).

Før det ligg føre ein eventuell, grunngeve søknad kan kommunen ikkje gje noko nærmare uttale eller vurdering av om ei planendring eller dispensasjon vil vere pårekneleg. Om De likevel ynskjer eit møte med kommunen for ein generell gjennomgang av regelverket tilknytt planendring eller dispensasjon kan De gjerne kontakte underteikna på tlf. 56 17 10 00 for ei avtale om dette.

Med venleg helsing

Bjarte Buanes
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

